



Norgeshus Hindenes Hus AS  
Andre Vabø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/1231 - 16/12376

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

09.05.2016

## Svar på søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - gbnr 21/6 Hindenes Ytre

Teknisk drift syner til brev datert 21 april 2016 og e-post av 03 mai 2016 vedkomande søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bueining i garasje - gbnr 21/6 Hindenes Ytre. Avkjørsla er i dag tilkomst til 1 einebustad.

Det er tidlegare søkt om løyve til å etabler kurslokal/kontorlokal i omsøkt garasje. Søknad vart sendt i retur den 26.05.2015 grunna manglar. Søknaden vart avslutta utan sakshandsaming.

Teknisk drift har den 21.04.2016 motteke ny søknad der garasje med kurslokal er erstatta av garasje med 1 bueining. Med søknad er det lagt ved situasjonskart som visar at krav til parkering for for 2 bueiningar, samt krav til snuareal er stetta. Teknisk drift har ikkje teke stilling til anna bruk enn det som fremgår av søknad datert 21.04.2016, det vil seie endra bruk av avkjørsle frå 1 bustadeining til 2 bustadeiningar.

### Vedtak:

Teknisk drift har vurdert søknaden og vil gje løyve til etablering av avkjørsle frå kommunal veg for 1 ny bustadeining på følgjande vilkår (standard krav):

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktzone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå.
- Ytterligere informasjon vedkomande tekniske krav finn ein på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no) og [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no)

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

[www.lindas.kommune.no](http://www.lindas.kommune.no)  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



- Ei føresetnad for dette løyvet er at byggesak gir løyve til å etablere garasje med bustadeining etter plan og bygningslova.

**Vi gjer merksam på at løyve til avkjørsle gjeld berre tilknytning til kommunal veg. Bygging/utbetring av avkjørsle er søknadpliktig tiltak etter plan og bygningslova.**

Det er med heimel i Veglova §§ 40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg» og vegnormal N100 at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentlig veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar/privatsrettslege avtaler De har ovanfor eventuelle grunneigarar.

**Klage:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentlig forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open. Søksmål skal likevel i alle tilhøva kunne reisast når det er gått 6 månader frå klagen fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar sin side at klageinstansens avgjerde ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

A3\_plankart utbedring avkjørsel gnr 21-bnr18\_Hindenes\_revB

**Kopi til:**  
Benjamin Hicks  
Kjetil Eikefet

**Mottakarar:**  
Norgeshus Hindenes Hus AS